

Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2010 – 2011.

Rapport pr. januar 2011

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleveling.

Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark

Tiltak:

- Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknyting til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
- Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane
- Auke tilgangen på attraktive bustader, opplevelingar og uformelle møteplassar
- Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
- Satse på auka tilflytting og ha fokus på gode integreringstiltak
- Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Tiltak:

- Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
- Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt
- Drive aktiv marknadsføring av regionen
- Drive alliansebygging/lobbyverksemrd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark

Tiltak:

- Styrke marknadsføringa av Vest-Telemark som reiselivsmål og vidareutvikle opplevelingstilbodet i regionen
- Leggje til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar
- Leggje til rette for etablering av kompetanseverksemder og stimulere utviklinga i eksisterande verksemder
- Stimulere til vidareutvikling av næringsapparatet i regionen
- Gjennom samarbeid mellom landbruksavdelingane skal det utarbeidast felles tiltaksretta landbruksplan for regionen

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

Tiltak:

- Samarbeide med Haukelivegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar
- Arbeide mot sentrale styresmakter, spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og aktuelle utbyggingsprosjekt
- Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt
- Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar
- Sikre full utbygging av breiband i regionen
- Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett
- Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell

Rapport:

Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark.

Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknyting til distriktet, og stimulere til entreprenørskap.

Entreprenørskapsprosjektet "Entreprenørskap i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule i Vest-Telemark" er avslutta, og ansvaret for entreprenørskap i skulen ligg no til den einskilte kommune. Bakgrunnen for satsinga har vore ynsket om å skape ein kultur for innovasjon og entreprenørskap, der dei unge ser moglegheiter, viser pågangsmot og utviklar gründerkompetanse gjennom ulike tiltak i og utanfor skulen.

Telemark fylkeskommune har eit auka fokus på entreprenørskap og Ungt Entreprenørskap Telemark er engasjert som Telemark sin operatør innanfor satsinga på entreprenørskap i utdanninga. Kommunar, regionar, organisasjonar og privat sektor er invitert til å delta i denne satsinga.

Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg har fastsett at etablerarkontora i Telemark skal nytte om lag 10% av ressursane til entreprenørskap i skulen.

Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane.

Vest-Telemark vidaregåande skule

Skulen tilbyr vidaregåande utdanning innan studiespesialiserande fag, Helse- og sosialfag og Teknikk og industriell produksjon. Ein har for tida 170 elevar innan desse faga og det er 45 personar tilsett ved skulen.

Vest-Telemark Vidaregåande skule v/Ressurssenteret er tillagt regionansvaret for opplæring på snøskuter og har eigne kurs for Statkraft og Statnett. Skulen har ei tid hatt opplegg for undervisning av innsette ved soningsleiren i Fyresdal. I tillegg organiserer Vest-Telemark Ressurssenter eit vaksenutdanningstilbod der ein no har auka elevtalet til 45 elevar. Dette er eit samarbeid mellom skulen, fylkesmannen, fylkeskommunen, NAV og dei enkelte kommunane. Skulen har også eit 1-2 årig yrkesfag-tilbod til vaksne om utdanning som t.d. helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar, reinhaldar eller kokk. Det er sett i gang eit nytt opplegg på kveldstid med tanke på å opparbeide studiekompetanse over 2 år.

Ressurssenteret administrerer eit nasjonalt energinettverk for grunnskular og vidaregåande skular og hadde ansvaret for satsinga på undervisning i Polar-året. I tilknyting til Polaråret arrangerte Ressurssenteret ein internasjonal lærarkonferanse i Oslo i juni 2010. Det er også ressurssenteret som er arrangør av den årlege Vest-Telemark konferansen.

Ein samarbeider med Bygdelivsmeklaren(Vest-Telemark Næringsutvikling) og Rekrutteringsprosjektet (Vest-Telemark Næringsforum) for å utvikle yrkesmessa på Dalen til ei jobbmesse.

Bø Vidaregåande Skule, avd Seljord.

Skulen har for tida 107 elevar med utdanningsprogram for restaurant- og matfag, media og kommunikasjon, studiespesialisering med arbeidstrening samt påbygging til generell studiekompetanse.

Skulen har eit prosjekt "Det gode hybelliv" som inneber varsling av fråvær frå 1. fråværsdag via sms eller e-post til dei føresette. Prosjektet har gjeve gode resultat og fråveret ved skulen er markant redusert.

Telemarksmesterskapet i kokkfag 2010 vart arrangert i Seljord 20. desember - og Seljordelevane vann! Dei deltok og i Østlandsmesterskapet, men kom dessverre ikkje på pallen, det var svært tett og skilte bare 9 poeng frå første til siste plass. Det deltok seks lag. Avdeling for Media- og kommunikasjon har og hatt fleire spanande prosjekt, bl.a har dei filma med regissør Harald Swart.

Fyresdal vidaregåande Steinerskule.

Skulen vart diverre lagt ned like før jol 2010

Kvitsund Gymnas

Kvitsund Gymnas har inneverande år 184 elevar og 40 tilsette. Skulen tilbyr utdanningsprogrammet for studiespesialisering. Eit særskilt tilbod er at ein nyttar drama i norskundervisninga i 3 kl.

Høgskolen i Telemark, avd. Rauland

Institutt for folkekultur har til ei kvar tid om lag 100 studentar og over 20 tilsette- Instituttet har nasjonalt hovudansvar for høgare utdanning innan tradisjonskunst - folkemusikk og folkekunst. Ein tilbyr både årsstudium, fordjuping og bachelor innanfor faga folkemusikk, folkekunst, tre, metall og tekstil. I tillegg tilbyr skulen deltidsstudium i tradisjonsmat, deltidsstudium i kreativ maskinstriking samt masterstudium i tradisjonskunst. Alle studia har ein utøvande profil.

Rauland Internasjonale Vinterfestival (16.-20. februar 2011) er eit resultat av det omfattande nettverket som studia i Rauland har. Ei veke i februar er sett av til konsertar, utstillingar, workshops i folkemusikk og folkekunst, pubkveldar, seminar og sosialt samvære.

Seljord Folkehøgskole

Skulen har for tida 91 elevar fordelt på fylgjande 7 liner: Biletkunst, Friluftsliv, Multisport, Musical, Musikk - live, Redesign & Tekstilteknikk og Singer/Songwriter.

Attføringsstilboda i regionen.

Rehabiliteringssenteret AIR AS

Attføringscenteret i Rauland skal feire 25-års jubileum i 2011, og etter så mange år med arbeidsretta rehabilitering er tida no inne for å skifte namn på organisasjonen til Rehabiliteringssenteret AiR.

Med det nye namn Rehabiliteringssenteret AiR ynskjer ein å vise at AiR på mange vis er det same som før, samstundes som rehabiliteringssenter gjev eit rettare uttrykk for aktivitetane til både dei to einingane som ligg under Rehabiliteringssenteret AiR; AiR - Klinikk og AiR - Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering.

Foretaket vart starta i 1986 og er pr. definisjon ikkje eit attføringsstilbod men eit sjukehus innan spesialisthelsetenesta. Målgruppa er sjukemelde med muskel- og skjelettlidningar og lettare psykiske plager.

Attføringscenteret har 250 aksjonærar med Vinje kommune og Norsk Hydro som dei største eigarane og senteret er ein av dei største private arbeidsplassane i regionen med over 70 tilsette.

I 2005 fekk attføringscenteret status som Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering. Verksamda har kvart år inne om lag 800 brukarar til eit 4 vekers rehabiliteringsoppdrag og 200 brukarar til ei vekes funksjonsavklaringsoppdrag.

AiR er den fyrste institusjonen i Noreg som både er CARF-akkreditera og ISO-sertifisert. AiR jobbar kontinuerleg med å utvikle og kvalitetssikre verksemda og det er ei stor anerkjening å bli akkreditera på høgaste internasjonale nivå.

Seljord Personal AS:

Stifta i 2001 og fullt ut eigd av Seljord Kommune. Selskapet har ennå avtale med NAV om faste plassar for APS(arbeidspraksis i skjerma verksem) og AB-tiltak(arbeid med bistand), og har i tillegg avtale med Seljord Kommune om plassar for Kvalifiseringsprogrammet.

Seljord Personal AS har også i 2009 utvikla ARR- arbeidsretta rehabilitering som eit nytt tilbod. NAV-kontora i nabokommunane kjøper og tenester frå selskapet.

I 2009 endra ein arena til Brøløsvegen 28, som er gamle Sport'n i Seljord. Denne arenaen har ansatte og arbeidssøkjarar bygd om, slik at arenaen nå er ny og framtidsretta. Det er 7 tilsette i selskapet.

Leverer tenester til næringslivet og offentleg sektor, men hovedomsetninga er mot NAV. Selskapet har vist seg omstillingssyktig i vanskelege tider og har levera gode attføringsmessige og økonomiske resultat.

ViTO Kompetanse AS:

Etablert i 2003. Tokke kommune eig 70% av aksjane medan Vinje kommune eig 30%. Utvikla seg frå å vera ein såpeprodusent til ein attføringsbedrift med breidt tilbod. 70% av inntektene kjem frå NAV medan 30% kjem frå produksjon. Har no ein lønsam produksjon. Verksemda gjev tilbod om arbeidsretta rehabilitering av sjukemelde, og har i tillegg 10 plassar for arbeidspraksis i skjerma verksem, 6 plassar for arbeid med bistand og 2 plassar for varig tilrettelagt arbeid. Det er oppretta fagleg samarbeid mellom alle dei fem attføringsverksemndene i regionen. For å styrke attføringsarbeidet i Vest Telemark vidare, er ViTo Kompetanse AS i fusjonsplanar med Kviteseid Arbeidssamvirke AS og Vinje Vekst AS.

Telemark Lys AS:

Etablert som sjølvstendig bedrift i 1993. Skilt ut frå dáverande Seljord Industri. Bedriften har tidlegare hatt en god del eigen produksjon bla. Telys og pulkar. Har nå sluttat heilt med slik produksjon og har berre litt sporadisk produksjon att. Baserar si drift på attføringsarbeid for NAV i mange ulike former. I tillegg har ein overtatt alt arbeid med integrering av flyktningar for Fyresdal kommune. Telemark lys driv både undervisning, språkpraksis, integreringstrening og arbeidstrening for flyktningane i kommunen. Har i dag 4 tilrettelagte arbeidsplassar som skal fasast ut over tid. Det er no 5 APS plassar (arbeidspraksis i skjerma verksem). Helseprosjektet har vore eit viktig prosjekt for verksemda. Har hatt tilfressstillende økonomiske resultater de siste årene og har en egenkapital på 7.3 millioner kroner pr 1/1 2011

Vinje Vekst AS:

Etablert i 1994. Verksemda er 80% eigd av Vinje kommune og 20% eigd av Tokke. Omset for om lag 7 mill der 5 mill er tenester for NAV/kommunane og 2 mill frå eigen produksjon. Tilfredsstillande økonomisk resultat. Verksemda har VTA-(varig tilrettelagt arbeidsplass og mellombels APS plassar(arbeidsplass i skjerma verksem). Har samarbeid med Vi TO kompetanse.

Kviteseid Arbeidssamvirke AS:

Etablert i 1992. Kviteseid kommune eig det alt vesentlege av aksjane, men Nissedal kommune og private har ein liten del. Har pr dato 31 brukarar, fordelt på 21 i tilrettelagt arbeid og 10 på arbeidstrening/avklaring på oppdrag frå NAV, kommunane og vgs.

Har avdeling med 5 VTA (varig tilrettelagt arbeidsplass) plassar i Nissedal og sel elles VTA plassar til Kviteseid og Seljord kommunar. Har tre gode attføringsarenaer knytt til treproduksjon og bruktbutikk i Kviteseid og måling/ lakkeringsverksemd i Nissedal. Omset for vel 5 mill der 1 mill kjem frå produksjonen og resten frå NAV og kommunane . Har stort sett alltid gått med overskot og har ein tilfredsstillande økonomi. Verksemda eig sjølv bygga der dei driv.

Samordning av attføringsverksemndene i Vest-Telemark

På initiativ frå ordførarane i Vest-Telemark nedsette styra i attføringsverksemndene i 2009 ei arbeidsgruppe for å få til ei samordning av attføringsstilbodet i Vest-Telemark gjennom å utforme alternative modellar for samarbeid mellom dei fem attføringsverksemndene. Ein kom fram til ein samarbeidsmodell som skulle settast i verk i 2010 og evaluerast etter 2 år. Situasjonen no er at denne modellen ikkje har fungera for alle fem verksemndene og strukturprosessen er under utvikling uavhengig av tilrådinga frå arbeidsgruppa.

Auke tilgangen på attraktive bustader, opplevingar og uformelle møteplassar.

Prøvebustader i Vest-Telemark

Vest-Telemark Næringsutvikling AS arbeider med eit skisseprosjekt til ev. prøvebustader i kommunane i Vest-Telemark. Ein prøvebustad er eit tilbod til folk som ynskjer å flytte til regionen og som såleis får høve til å leige denne i ein periode for å sjå om dei trives. Den første prøvebustaden står ferdig bygd i Øyfjell, og ein familie på 5 har flytt inn. Prosjektet er godt motteke i kommunane og mykje omtalt i ulike media.

Stimulere til rekruttering av arbeidskraft.

Rekrutteringsprosjektet i regi av strategisk næringsplan er no etter 3 år avslutta. Prosjektet vart leia av Vest-Telemark Næringsforum. Hovudmålet med prosjektet var å fremje Vest-Telemark som ein bu- og arbeidsmarknadsregion. Tiltaket vart iverksett med utgangspunkt i at mange verksemder og kommunar har hatt problem med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft. NAV har hatt ei nøkkelrolle i prosjektet. Det vart etablert faste møtepunkt med marknadsnettverket til NAV i Vest-Telemark, der ein 6-8 gonger årleg i prosjektpérioden gjekk gjennom arbeidskraftbehovet til 50-60 nøkkelverksemder i regionen. I tillegg fekk alle registrerte verksemder brev om prosjektet med tilbod om bistand.

For å synleggjere arbeidsmarknaden i regionen er det etablert eit samarbeid med Yrkesmesse på Vest-Telemark Vidaregåande skule. Ei utvida jobb- og yrkesmesse vart arrangert både i 2009 og 2010. Ein er samde om å halde fram med samarbeidet i 2011.

I samarbeid med Bygdelivsmeklaren har prosjektet vore arrangør av Vest-Telemark treff i Oslo, som er arrangert 3 gonger. Fokus her er moglegheiter for jobb i regionen. Ei rekke kommunar og verksemder syner fram sine moglegheiter på stands. Dette, saman med eit innhaldsrikt sceneprogram, dannar grunnlaget for ei offensiv marknadsføring av regionens arbeidsmarknad for potensielle heimflyttarar.

Prosjektet har og arbeida fram nettsida Telejobb.no der interesserte kan knytte kontakt med verksemder i regionen med sikt på rekruttering av arbeidskraft på kort og lang sikt.

Det siste året har ein i langt større grad blitt klar over utfordringane som ligg i alderssamansettinga blant arbeidstakarane i Vest-Telemark. Store etterkrigsskull er på veg ut av arbeidslivet med pensjon. Både innan privat og offentleg sektor vil det vere eit stort behov for ny arbeidskraft i tida framover og dette skaper store utfordringar også i Vest-Telemark. Her vil ein måtte halde fram med arbeidet som er gjort for å synleggjere Vest-Telemark som ein felles arbeidsmarknad.

Satse på auka tilflytting og ha fokus på gode integreringstiltak.

Prosjektet "Vi snur vinden – fleire folk til Vest-Telemark" er avslutta. På bakgrunn av erfaringar gjort i dette og andre rekrutterings- og bygdeutviklingsprosjekt fortsett Bygdelivsmeklaren arbeidet med prosjektet "Bulyst – gje det vidare!". Med dette prosjektet ynskjer ein å skape ein region som er attraktiv å bu i og flytte til, utvikle trygge bærekraftige bustadmiljø, og gjennom dette oppnå befolkningsauke. I prosjektet "Bulyst – gje det vidare!" vil ein vere spesielt opptekne av bebruarane si rolle og deira ansvar i høve til utfordringane med fråflytting frå regionen. På bakgrunn av erfaringar frå "Vi snur vinden – fleire folk til Vest-Telemark" ser ein verdien av å bevisstgjere og gje ansvar til dei som allereie bur her. Ein har difor stort fokus på vertskapsfunksjonen i kommunane. Eit anna satsingsområde er bustad, med Prøvebustadsprosjektet høgt prioritert. Prosjektleiar har skaffa seg eit stort nettverk i regionen, og prosjektet er i rute i høve til prosjektplanen. Elisabeth Lid er prosjektleiar i full stilling.

Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen.

Som fylgje av samhandlingsreforma har kommunane i Vest-Telemark og Sjukehuset Telemark tilsett ein samhandlingskoordinator i 100% stilling i to år. Koordinator si oppgåve er å legge til rette for gode samhandlingsløysingar for Vest-Telemark kommunane og sjukehuset, for å kunne gje heilsplege og gode helsetilbod nærmast mogleg der folk bur. Koordinatorstillinga er finansiert av Fellesfondet og sjukehuset. Sissel Bitustøy er tilsett i stillinga og har kontorstad i Vinje.

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling.

Vest-Telemarkkonferansen er ein samlingsplass for politikarar, privat næringsliv, offentleg tilsette og organisasjonar og har vore eit årvisst innslag dei 7 siste åra. Tema til no har vore: "Regionalt samarbeid eller kommunesamanslåing", "Regional næringsutvikling", "Ny energi til Vest-Telemark", "Vest-Telemark som merkevare", "Kor skal byen ligge?", "Er skulen i Vest-Telemark konkurransedyktig?" og "Nye arbeidsplassar i eksisterande bedrifter - utnyttar vi potensialet?"

Konferansen for 2011 har fokus på "Innovasjon i Vest-Telemark". Er innovasjon eit moderne omgrep for det vi har gjort til all tid, nemleg prøvd å gjere ting på ein lurare måte enn før? Er innovasjon noko som det bare er nokre få spesielt evnerike personar som driv på med, eller er vi litt innovative alle saman?

Det innovative ved sjølve konferansen i år er at vi har slått saman to konferansar til ein. Vest-Telemark konferansen vert i år ein del av KS sin regionale strategikonferanse. Slike samordningseffektar er vi på leit etter. Vi håpar at fleire bedrifter eller organisasjonar kan legge eit møte som dei likevel ville hatt, i for- eller etterkant av konferansen.

Frå KS kjem administrerande direktør Sigrun Vågeng og diskuterer kva verdi innovasjon i offentleg sektor kan ha for næringslivet. Direktør Bård Stranheim, frå Innovasjon Norge, viser oss korleis vi kan skaffe økonomi til å verkeleggjere våre innovative tankar. Lokalt har vi invitert bedrifter som på kvart sitt vis er innovative innafor sitt område: Telemark Kildevann i Fyresdal, Fristadsenteret i Åmot og Galleri Straume i Øyfjell.

Det nye av året er at vi har invitert nokre unge frå Vinje, som alle har teke, eller er i ferd med å ta doktorgrad.

Kan næringslivet i Vest-Telemark utvikle samarbeid med forskingsmiljøa gjennom lokale kontaktar?

Til slutt skal vi få innovasjonsinspirasjon av Sjur Dagestad. Han nyttar tittelen "Innovasjonsevangelist", men er i tillegg fjerde generasjon smed, og professor II i Innovasjon ved NTNU. Han er også innovatør i praksis og vann Reodorprisen i 1994.

Sogelandet vart etablert i 2005 og er namnet på ei rekke kulturarrangement i kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje.

Det er løyvd midlar til prosjektet frå Telemark fylkeskommune og frå Fellesfondet over ein periode på 3 år. Sogelandet er frå 2008 organisert som eit samvirke og det er tilsett dagleg leiar.

Det er utarbeidd intensjonsavtale mellom Sogelandet SA, Telemark fylkeskommune og kommunane i Vest-Telemark, Tinn og Hjartdal. Avtala set som føresetnad at Sogelandet får status som nasjonal knutepunktdestinasjon og krev at Staten bidreg med 1,5 mill kroner årleg medan Telemark fylkeskommune og nemnde kommunar går inn med kvar sine 500 000 kroner pr år. Det vert arbeidd med å vidareutvikle Sogelandet som samarbeidsorgan ikkje berre på framføring av spel men også i andre samanhengar.

I 2010 fekk Sogelandet kr. 245.000,- frå Fellesfondet der det og vart søkt om midlar frå Kulturrådet i von om å kome vidare i arbeidet mot knutepunktstatus. I Norsk Kulturråd sitt møte i desember 2010 vart søknaden avslag, det er no kontakt med Norsk Kulturråd med tanke på å endre innhald i søknad. Sogelandet sokjer Telemark fylke om kr. 30 000,- til å utvikle og drifta www.sogelandet.no i 2011. Brosjyre over alle spela blir trykt og distribuera til alle husstandane i Telemark i mai månad. Styret er uroa over situasjonen med tanke at det stadig er ein omfattande søknadsprosess for å finansiere Sogelandet. Det må til ein fastare og langsiktig sikker framtidig finansiering skal Sogelandet kunne utvikle seg vidare. Til årsmøte i mai månad blir luteigarar og kommunane utfordra til å utvikle ein felles strategi framover.

Stiftinga Vest-Telemark Museum vart oppretta i 2002 med det føremål å stå for drift og vedlikehald av museum i Vest Telemark. Musea finn ein i fem kommunar og dei ulike einingane er:

Vinjestoga, Myllarheimen, Knut Skinnarland samlinga, Dyre Vaa samlingane, Vinje Biletgalleri, Øyfjell Bygdemuseum, Fyresdal Bygdemuseum, Kviteseid Bygdetun, Åmdals Verk Gruver, VTM Eidsborg, Norsk Skieventyr. Vest Telemark har ein rik tradisjon innan folkekunst og skihistorie og Vest-Telemark Museum formidlar denne flotte kulturarven ved hjelp av utstillingar, aktivitetar og ved arrangement.

Besøket i sesong var varierande, totalt var det ein nedgang på 9,5%. Mykje av nedgangen skuldast byggeaktivitet og mindre tilbod ved Eidsborg. Utbygginga er i rute, i mars 2011 er verkstad og magasin ferdige og i november 2011 skal bygget overleverast. Utstillingsarbeidet vil starte opp og ein planlegg nyopning i Eidsborg våren 2012. Administrasjonen er under utbygginga samla på Norsk Skieventyr. Marknadsarbeid og sterke samarbeid med andre reiselivsdestinasjonar er prioritert arbeid i 2011.

Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt.

Vest-Telemarkrådet er regionråd for kommunane: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.

Regionrådet er eit samarbeidsorgan for dei deltagande kommunane på alle område og alle plan og skal løyse felles spørsmål og oppgåver for desse.

Tinget er det øvste organet og er samansett av ordførar, varaordførar, eitt anna kommunestyremedlem og rådmannen i dei deltagande kommunane. Ordførarane i kommunane utgjer Rådet og står for den daglege drifta i lag med sekretariatet.

Fellesfondet har gjennom mange år vore felles organ for kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje. Oppgåva til fondet har vore å forvalte delar av dei årlege konsesjonskraftmidlane frå utbyggingane i dei 8 kommunane.

Fellesfondet har såleis grunnfinansiert Vest-Telemark samarbeidet pluss Tinn og Hjartdal. Midlane har vore nytta til å delfinansiere interkommunale samarbeidsordningar, og private investeringsprosjekt med klar interesse for fleire kommunar.

I samband med fornying av konsesjonskraftavtalene har Fellesfondet opphört 1. januar 2011 og konsesjonskraftinntekter blir no overført Telemark Utviklingsfond som har heile Telemark som virkeområde.

Vest-Telemark Næringsutvikling AS (VTNU) har kontor i Kviteseid, og har som føremål å styrke og vidareutvikle næringslivet i Vest-Telemark. I tett samarbeid med næringsliv og kommunar vil VTNU medverke til å skape ein open, energisk og nyskapande region. Viktig fokus er lønsamt næringsliv og kommunar med attraktive bamiljø. Ein ynskjer å profilere Vest-Telemark som ein bu- og arbeidsregion med tilbod til folk i alle aldrar og medverke til samarbeid og positiv utvikling i regionen.

Det er knytta 9 medarbeidarar til selskapet.

Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) med kontor i Kviteseid, har som føremål, i samråd med andre aktørar, å styrke og vidareutvikle næringslivet i Vest-Telemark, Drangedal og Hjartdal. Dette skal skje ved å ta del i ulike typer næringsbygg, selskap og verksemder. Viktig fokus er å legge til rette for næringsetablering gjennom å tilby rimelege og attraktive utleigebygg. Selskapet eig i dag 10 bygg i 5 kommunar.

Gab- og kartsamarbeidet inneber at det lovpålagte vedlikehalDET av GAB-data no skjer regelmessig via felles server. GAB-registra er avløyst av den såkalla matrikkelen som også er ei felles løysing. Samarbeidet er på mange måtar eit utviklingsprosjekt der nytten kjem gradvis og over tid. Kartløysinga er også integrert i sak/arkiv prosjektet og kan nyttast av publikum i samband med elektroniske byggesøknader. Kartløysinga er elles ei generell løysing i fyrste rekke for at publikum (innbyggjarar og hyttefolk) kan ha tilgang til detaljerte, lokale kart.

Samarbeidet har no gått inn i ei ny fase med vekt på god integrasjon og dataflyt mellom dei ulike systema i kommunen, noko som gjer det mulig med sikrare og meir effektivt arbeid både for eigne tilsette og andre som er brukarar av kartdata. I samarbeid mellom anna med Statens Kartverk skal alle reguleringsplanar digitaliserast og gjerast tilgjengelege.

Profil. Nytt IT-system for pleie/omsorg er teke delvis i bruk i alle 6 Vest-Telemarkkommunane i dag. Eit omfattande opplæringsprogram er sett i verk innan sjukeheimar og heimetenestene. I vidare arbeid har styringsgruppa no prioritert innføring av ny teknologi i heimesjukepleia, med bruk av små datamaskinar for kommunikasjon og dataregistrering (såkalla PDA-ar).

Turnusplanlegging er eit nytt samarbeidsprosjekt for 6 kommunar. Målet er betre oversikt og god ressursutnytting. I fyrste omgang blir systemet teke i bruk innanfor pleie/omsorg, men systemet kan også nyttast innanfor andre område i kommunane der ein har vaktordningar. Prosjektet er i hovudsak ferdig gjennomført innanfor pleie/omsorg. Vidare plan er å bruke systemet aktivt i budsjettprosessen i kommunane (sikrare grunnlagsdata) og å introdusere systemet og bruken i forhold til andre områder i kommunane enn pleie/omsorg. Dette blir då i samarbeid med rådmennene.

Vandreregionen/Kommunal reiselivssamarbeid

Prosjektet Vandreregionen er etablert som eit samarbeid mellom dei 6 Vest-Telemark kommunane saman med Hjartdal og Tinn som skal gå frå 2010-2012 med støtte frå Fellesfondet og Telemark Fylkeskommune. Målet er å auke omdømmet til Vest-Telemark, Hjartdal og Tinn som bu og opplevingsregion ved å jobbe for å ha gode tilbod for vandring til ulike målgrupper. Måla skal vi nå gjennom samarbeid mellom kommunar i Vest-Telemark, frivillige, grunneigarar og næringsaktørar. For å få dette til er ein viktig del av arbeidet å fokusere på roller i friluftslivsarbeidet i kommunen, avtaler, samt drift og vedlikehald av turvegane. Fokuset på dette skjer ved at kommunane samarbeidar med næringsaktørar og frivillige om å kvalitetssikre to attraktive turvegar i kvar kommune med avtaler, merking, skilting og avtaler på drift og vedlikehald. For å profilere tilboda utarbeidar kommunane saman med VTNU og andre samarbeidspartnerar som f.eks regionsgelog Sven Dahlgren, miniguider, felles presentasjon av område med kart og naturinformasjon og en statisk nettside. Presentasjon av 8 turvegar skal vere klart til sommarsesongen 2011. Som eit resultat av samarbeidet satsar også kommunane på marknadsføring av Vandring gjennom Innovasjon Norge sin Vandrekampanje.

Kvalifiseringsprosjekt OFF- Vandreregionen i framtida.

Med fokus på friluftsliv(vandring), reiseliv og regional utvikling har VTNU saman med tre institutt på Høgskulen i Telemark tatt initiativ til eit kvalifiseringsprosjekt innan reiseliv, opplevsesnæring og attraksjonskraft. Mål med forprosjektet er å finne strategiar for korleis vandreregionen skal satse for å auke attraksjonskrafta gjennom tilrettelegging for naturbaserte opplevelingar. Vi ynskjer å finne ut om samhandling med interessenter i FoU miljø, næringa og det offentlege kan gje auka potensiale for strategisk og berekraftig utvikling i Vandreregionen.

Drive aktiv marknadsføring av regionen

Interaktive Telemark

Vest-Telemark Næringsutvikling As har prosjektleiinga i prosjektet Interaktive Telemark. Her samarbeidar dei med andre regionar i Telemark og Telemarkreiser om å få til digital infrastruktur som skal sikre god oppdatering av alle gode tilbod i Telemark. Bl.a har ein etablert Tellusforum som sikrer informasjon inn til ein nasjonal Reiselivsdatabase, uttesting av Informasjonskioskar på destinasjonar. Dette arbeidet har samla Vest-Telemark på ein felles portal som i fyrsteomgang er å finne på informasjonskioskane. Dette gjev auka synlegheit av aktivitetar , attraksjonar, overnatting osb. i heile regionen.

Vest-Telemarkportalen vert oppgradert i 2011. Sida vil få ein fast redaktør og er utvikla i samarbeid med Rauland Turist og Grenlandweb. Om kort tid vil den nye portalen kome opp som ei informasjonside som samlar regionen. Sida vil og fungere som kulturkalender for Vest-Telemark.

Drive alliansebygging/lobbyverksemnd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane

Dette er eit omfattande ”fagområde” der det til ei kvar tid foregår dialog på dei ulike politiske og administrative nivåa. Ein har i regionen både formell og usformell kontakt med stortings- og fylkestingspolitikarar, med administrative leiarar og med representantar frå ulike organisasjonar og fagområde.

Kommunane og kommuneregionane er høyringsinstansar innafor mange ulike område og kjem kvart år med uttaler til ulike endringsforslag innafor den offentlege forvaltninga. Vest-Telemarkrådet har styrka sin posisjon som felles talerør for regionen, og samarbeidet med dei 3 andre kommuneregionane i Telemark er aukande. Det vert arbeidd med å vidareutvikle kommunikasjonen mellom dei ulike forvaltningsnivåa.

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark.

Styrke marknadsføringa av Vest-Telemark som reiselivsmål og vidareutvikle opplevelingstilbodet i regionen

Felles turistbrosyre for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje er gjeve ut årleg dei seinare åra. God informasjon om Vest-Telemark bidreg til at turistane oppheld seg lenger i regionen og deltek i ulike aktivitetar på tvers av kommunegrensene.

Legge til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar

Tiltaksretta handlingsplan for landbruk i Vest-Telemark

Den tiltaksretta handlingsplanen for VT er utarbeida og er lagt ut på Høyring med frist for tilbakemelding den 20. februar 2010. Planen har tre hovudfokusområde, sjå figur.

TILTAKSPLAN LANDBRUK

MÅL: Oppretthalde aktivt landbruk i VT




STRATEGIAR

Leggje tilrette for
næringsutvikling

Rekruttering og
trivsel

Samarbeid i
landbruksforvaltinga
i Vest-Telemark.



TILTAK UNDER STRATEGIOMRÅDA

Felles driftsplanleggar for Vest-Telemark

Det er ikkje avklart kva som skjer med felles driftsplanleggar i VT, men det er signalisera ynskje om at det er viktig å ha personressursar som kan jobbe med aktiv rådgjeving og oppfylging av gardbrukarane framover. Det er ikkje klargjort om dette er driftsplanleggaren slik han fungerar i Vinje per i dag. Det må avklarast kva som skjer vidare med denne ressursen. I dag er stillinga finansiera av Vinje kommune i tillegg eigenbetaling frå brukarane.

Inkubator for mat og naturbasert næring.

Dyrskun Arrangement AS er ein av seks SIVA inkubatorar for mat og naturbasert næring i Noreg . Inkubatorprogrammet har ambisjon om å bidra til fleire vekstbedrifter innan mat- og naturbasert næring innan 2014.

Målet skal nåast ved å gje potensielle vekstbedrifter innan mat- og naturbasert næring individuell oppfølging i eit innovasjonsmiljø med spisskompetanse på kommersialisering og tilgang til eit bredt nettverk.

Øystein A. Løvlie er tilsett og skal leie inkubatorarbeidet.

Prosjektet Skjulte skattar

Bedriftsnettverket av 7 mindre verksemder langs E-134 har etablert eit forprosjekt for å få auka fokus på E-134 som ein opplevingsveg. Verksemndene som i dag er med dekker tre kommunar Seljord, Kviteseid og Vinje. Vest-Telemark Næringsutvikling er Prosjektansvarleg og Morgedal Utvikling er prosjektleiar. Prosjektet starta mars 2010 og vil halde fram til 1. oktober 2011. Bedriftene ynskjer å teste ut om design og felles anbefaling av kvarandre kan bidra til auka besøk og inntening. I tillegg til profilering og anbefaling bygger dei styrke i samarbeidet gjennom kompetanseheving og felles møteplassar. Eit langsigtt mål er å utvide nettverket og freiste fleire verksemder til å ta del i samarbeidet og få auka merksemd på opplevingane langs E-134.

Legge til rette for etablering av kompetanseverksemder og stimulere utviklinga i eksisterande verksemder

Dei fem regionale etablerarkontora har i 2010 hatt eit tettare samarbeid i form av utarbeiding og utvikling av ein felles webportal – www.etablererkontoret.no. Ved hjelp av finansiering frå Telemark fylkeskommune og Innovasjon Norge er det satset ressursar på fellesprofiling, webportal og facebookside. Etablerarkontorene møtes jevnleg og treffes fleire gonger i året for erfaringsutveksling, felles kompetanseheving og samarbeid om forskjellige tiltak retta mot etablerare og bedrifter.

Etablerarkontoret for Vest-Telemark er lagt til Vest-Telemark Næringsutvikling i Kviteseid. Tenesten gjev rettleiing i samband med etablering av ny verksemrd. Det vert gjeve informasjon om korleis ein etablerer ny verksemrd, kva som finst av stønadsordningar, kva selskapsform som er aktuell, kva som trengst av mogleg naudsynt autorisasjon osv..

Kommunevis fordeling av etablerarsakene:

ÅR	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Fyresdal	12	3	10	9	12	13	10	10	8
Kviteseid	21	19	21	27	17	13	13	10	13
Nissedal	2	5	10	10	10	12	8	7	11
Seljord	29	33	40	27	21	25	23	21	19
Tokke	4	8	2	5	7	9	3	4	8
Vinje	13	17	19	20	19	16	18	24	28
Sum	81	85	102	98	86	88	75	76	87

I 2010 har 31 kvinner nytta etablerarkontoret i Vest-Telemark. Andelen kvinner har gått litt ned i høve til tidlegare år og er no på 36% mot 64% menn.

I tillegg til Etablerarkontoret for Vest-Telemark har fleire av kommunane rådgjeving lokalt. Den regionale etablerertenesten i Vest-Telemark blir finansiert av Telemark fylkeskommune/Innovasjon Norge, fellesfondet og NAV. Administrativ rapportering går via Innovasjon Norge.

Stimulere til vidareutvikling av næringsapparatet i regionen

Eitt av tiltaka i noverande næringsplan går på vitalisering av næringsapparatet.

Telemarkforsking utarbeidde ein rapport om korleis næringsapparatet i regionen kan vitaliserast og korleis ein kan styrke samarbeidet mellom lokalt og regionalt næringsapparat. Rapporten er handsama i Vest-Telemarkrådet og i dei fleste kommunane. Konklusjonen frå kommunehøyringa var at ein ikkje ynskte overføring av kommunale personalressursar til regionalt nivå, men at ein ynskte eit sterkare samarbeid innan regionen. I samband med utarbeiding av ny Strategisk Næringsplan er næringsansvarleg i kvar kommune med i arbeidsgruppa som lagar planen. Arbeidsgruppa har her kome med fylgjande framlegg til Vest-Telemarkrådet:

"Det vert etablert ei permanent regional næringsgruppe som består av næringsansvarlege i kvar kommune og ein representant frå Vest-Telemark Næringsforum.

Målsettinga er å få ei meir koordinert og fagleg god rådgjevingsteneste, med tettare samarbeid mellom kommunane og Rådet om næringsutvikling.

Sekretariatet i Vest-Telemark har ansvar for jamleg å kalle inn til møte med det kommunale næringsapparatet for å samkjøre gjennomføring av tiltak i Strategisk Næringsplan. Fram til det regionale apparatet er fastsett, er sekretariatet i Vest-Telemark hos Vest-Telemarkrådet"

Dette saman med tilsvarende arbeid innan landbruksforvaltninga gjev eit godt utgangspunkt for å kunne realisere ynskje om å vidareutvikle næringsapparatet i regionen.

Arbeide for å betre rammevilkåra for landbruket i Vest-Telemark

Regionrådssekretæren tek del i Fylkesmannen sin kontaktgruppe for landbruk og gjennom dette fora har ein påverknad på virkemiddelbruken i landbruket. Gjennom eit nærrare samarbeid med landbruksansvarlege i kommunane har ein fått sterkare gjennomslag her.

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

Samarbeid med Haukelivegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen, Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar.

Vest-Telemarkrådet samarbeider med ei rekke grupperingar når det gjeld infrastruktur: **AS Haukelivegen** er ein interesseorganisasjon som arbeider for utbygging og standardheving av E 134 og viktige sidegreiner til denne. I styret for selskapet sit representantar frå kommunane langs vegen samt dei 3 fylkeskommunane. Selskapet spelar ei aktiv rolle i høve til planlegging og påverknad på så vel politisk som administrativt plan.

Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36 er samansett av representantar frå regionane og Telemark fylkeskommune. Gruppa vart danna i 2000 og har som føremål å påverke planlegging og finansiering av konkrete utbyggingsprosjekt på E 134 og Rv 36 i Telemark. Arbeidsgruppa har mellom anna arbeidd aktivt for å få til utbygging av delstrekningar på E 134 og Rv 36 ved hjelp av bompengefinansiering.

Rv 41 Telemarksvegen er eit samarbeid mellom dei 6 kommunane langs Rv 4. Viktige arbeidsoppgåver for gruppa er å legge til rette for Rv 41 som opplevingsveg. Det vert arbeidd med å få til ei gjennomgåande sykkelrute frå Kristiansand til Vrådal. Delar av denne går på nedlagte jernbanetrásar mellom Åmli og Treungen.

I samband med regionreformen har Rv 41 fått riksvegstatus og vil såleis fortsatt vera staten sitt ansvar. Det er nyleg valt ei arbeidsgruppe i vår region som skal organisere tiltak på Rv 41 for å utvikle denne som korridor mot sør og kontinentet.

Vest-Telemark Næringsforum er ei næringspolitisk medlemsforeining og ein møteplass for å fremje kompetanse og nettverksbygging mellom dei private verksemndene i Vest-Telemark. Foreininga har i dag omlag 100 medlemmer innan enkeltmannsføretak, verksemder/selskap, rådgivingsmiljø, forskning, bankar og organisasjonar i Vest-Telemark. Verksemda fungerar som talerøy for næringslivet i regionen, og har mellom anna engasjert seg i å styrke samarbeidet i regionen, samferdselsspørsmål, kapitaltilgang m.m.

Arbeide mot sentrale styresmakter spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og aktuelle utbyggingsprosjekt

Forslag til nasjonal Transportplan 2010 – 2019 vart lagt fram for Stortinget 13. mars 2009. For Telemark inneheld NTP 2010 – 2019 fleire viktige prosjekt og legg føringar for framtidig utbygging. Århush – Gvammen startar opp som statleg finansiert prosjekt i fyrste del av planperioden med fullføring i siste del. Det same gjer gjennomføringa av E 134 gjennom Kongsberg. Det er lagt føringar for nye tunnellar på Haukelifjell og forbi Røldal i andre del av planperioden, og det same gjeld utbetring langs Stordalsvatnet i Etne. I andre del av planperioden kjem også tunnel under Boknafjorden (Rogfast) under føresetnad av delvis bompengefinansiering.

Det ligg såleis an til å bli realisert fleire store prosjekt både i og utanfor Telemark, og fylket vårt har fått god utteljing etter intern semje, godt informasjonsarbeid og solid påverknadsarbeid utført av ei rekke personar/organisasjonar.

Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt.

Brukarfinsiasering av 3 delstrekningar på E134 og Rv36.

Det er løyvd midlar frå Vest-Telemark, Midt-Telemark og AS Haukelivegen til planleggingarbeid i høve til mogleg brukarfinsiasering av dei 3 delparsellane: Åmot – Seljord på E 134, Gvarv – Slåttekåstunnelen på Rv 36 og Seljord – Sjørmparten på Rv 36. Planarbeidet er starta opp, og det er Statens vegvesen som står for dette. Arbeidet vil, etter at ein er gjennom dei naudsynte politiske prosessane, danne grunnlaget for endelege forslag til bompengesvedtak. Stortinget har den endelege godkjenninga i slike saker men er ikkje avhengig av Nasjonal Transportplan sidan det er tale om 100 % bompengefinansiering.

Bompengeselskap.

Telemark fylkeskommune, saman med kommunane Nome, Sauherad, Bø, Seljord, Kviteseid, Tokke, Vinje og Hjartdal har oppretta eit bompengeselskap for finansiering av utbyggingsprosjekt på E134 og Rv36 i Telemark. Selskapet har namnet "E 134 og Rv 36 Telemark AS" og har forretningsadresse i Skien.

Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar

Det blir arbeidd aktivt på to frontar:

RV41 er riksveg (staten er eigar). Det har vore eit tett samarbeid med Statens Vegvesen og det nærmar seg nå fullføring av ei analyse av status og investeringsbehov. For fylkesvegane har regionen gjort ei tydeleg prioritering som er tatt til følgje av Fylkeskommunen. Vi har bidratt aktivt i utarbeiding av strategiplanen for fylkesvegane i Telemark og har fått ei prioritering som vi er rimeleg fornøgd med, totalramma tatt i betrakting.

Sikre full utbygging av siste generasjon breiband i regionen.

Det er investert meir enn 30 millionar kroner i breibandutbygging i regionen dei siste åra i form av RDA-midlar og innsats frå dei ulike kraftlaga. I tillegg har ein fått 2,5 millionar kroner i HØYKOM-midlar frå Staten. Desse midlane er no nytta som planlagt og ein er i hovudsak ferdig med arbeidet. Sluttføring av breibandutbygginga skjer samordna i regi av Telemark fylkeskommune. Det har kome ny løying frå HØYKOM og frå KRD med føresetnad at ein får plass også den lokale finansieringa. Målet for utbygginga er 100 % dekning til fastbuande i regionen. I tillegg har ein fått med utbygging fram til mange hytteområde.

Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett.

I samarbeid med fylkeskommunen og andre kommunar i Telemark har Vest-Telemark Næringsutvikling arbeidd med å kartlegge område med därleg mobildekning. Det viser seg å vera liten kommersiell interesse for utbygging, og ein vil no prøve ut alternative modellar. Nokre få prosjekt er realisert i 2010. I løpet av 2011 vil etter planen 10-12 prosjekt/antennar har blitt realisert i samarbeid mellom Telenor og kommunane. VTNU har fungert som koordinator i tillegg til å disponere og fordele den statlege bevilgninga til føremålet.

Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell.

Selskapet Norsk Bane AS har vore ein pionér innan arbeidet med høgfartsbane i Noreg og arbeider for realisering av Haukelibananen.

Den ferske utgreiinga frå Deutsche Bahn slår fast at høgfartsbane over Haukelifjell har større samfunnssnytte enn tidlegare påvist og at denne har best lønsemd av dei alternativa som er utgreidd.

Stø opp om Norsk Bane sitt arbeid og medverke til å skaffe aksjekapital til selskapet vil vera viktige utfordringar.